

Pilar 3

2023



*sparebanken
sogn og fjordane*

Innhald

1	Innleiing	2
2	Kapitalkrav, kapitaldekning og kapitalstyring	4
3	Risikostyring	7
4	Kredittrisiko	15
5	Motpartsrisiko	21
6	Marknadsrisiko.....	22
7	Likviditetsrisiko.....	26
8	Operasjonell risiko	29
9	Compliancerisiko	31
10	ESG-risiko	32
11	Andre risikotypar.....	35

1 Innleiing

1.1 Om dokumentet

Pilar 3-dokumentet for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd for å gi informasjon om risikostyring, risikomåling og soliditet i tråd med krava i CRR 2/CRD V. Dokumentet blir oppdatert årleg og publisert samstundes med offentliggjerjing av årsrapporten. Oppdatert informasjon om kapitalkrav og ansvarleg kapital blir kvartalsvis oppdatert og offentliggjort i notar til kvartalsrekneskapen.

Pilar 3-dokumentet gjer greie for metodane som banken brukar for å berekne kapitaldekning, og for ulike typar risikoar som banken er utsett for. I tillegg gir dokumentet innsikt i korleis risikostyringa blir organisert og gjennomført.

Alle beløp i dokumentet er oppgitt i 1.000 NOK, med mindre noko anna er spesifisert.

Som vedlegg til dokumentet ligg kvantitativ informasjon som banken er pålagt å gjere tilgjengeleg.

1.2 Konsolidering

Konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane er samansett av morbank og dei tre heileigde dotterselskapa Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS og Bankeigedom Sogn og Fjordane AS. Av dotterselskapa er det berre Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS som har kredittportefølje og kredittrisiko. I tråd med regelverket for konsolidering, er dotterselskapa fullt konsoliderte i kapitaldekninga til banken.

Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Eigardel	Andel av stemmerett	Forretningskontor
Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS	21.500.000	2.150.000.000	100 %	100 %	Førde
Bankeigedom Sogn og Fjordane AS	4.376	54.110.000	100 %	100 %	Førde
Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS	30.250	8.100.000	100 %	100 %	Førde

Tabell 1 – Dotterselskap i SSF-konsernet


Det er ingen lovmessige hindringar for overføring av ansvarleg kapital eller betaling av gjeld mellom morbanken og dotterselskapa. Vanlege bank/kunde- og investorforhold gjeld slik det til ei kvar tid er avtalt mellom partane.

Sparebanken Sogn og Fjordane har eitt tilknytt selskap, Fjord Invest AS, der eigardelen er 45,3 %.

Investeringar i dotterselskap og tilknytte selskap blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

1.3 Organisasjon

Frå 1. januar 2024 ser organisasjonskartet i Sparebanken Sogn og Fjordane slik ut:



Figur 1 – Organisasjonskart

2 Kapitalkrav, kapitaldekning og kapitalstyring

EU sitt kapitaldekningsregelverk CRR/CRD IV vart innført i Norge frå 31.12.2019. Nokre delar av regelverket vart innført først i 2022. Regelverket går etter dette under namnet CRR 2/CRD V. Av viktige moment i CRR 2/CRD V kan vi nemne reduserte kapitalkrav for utlån til SMB og infrastrukturprosjekt, bindande krav til kjernekapitalandel, ny metode for motpartsrisiko og bindande krav til NSFR. Frå 2025 skal etter planen dei gjenstående delane av Basel 3-regelverket bli innført. Dei viktigaste elementa her er ny standardmetode for kredittrisiko og ny basismetode for operasjonell risiko. Innføringa av dei gjenstående delane av Basel 3 medfører høgare rapportert kapitaldekning for dei fleste standardbankane.

Kapitalkrava er bygde opp av Pilar 1-krav (P1), bufferkrav (B) og Pilar 2-krav (P2). Tabellen under syner korleis kapitalkravet til Sparebanken Sogn og Fjordane var samansett per 31.12.2023.

Kapitalkrav	31.12.2023	Type krav
Minimumskrav rein kjernekapital	4,5 %	P1
Kapitalbevaringsbuffer	2,5 %	B
Systemrisikobuffer	4,5 %	B
Motsyklisk buffer	2,5 %	B
Planleggingsbuffer	0,0 %	B
Pilar 2-krav	1,7 %	P2
Samla krav til rein kjernekapital	15,7 %	
Hybridkapital	1,5 %	P1
Samla krav til kjernekapital	17,2 %	
Tilleggs kapital	2,0 %	P1
Samla krav til total kapitaldekning	19,2 %	

Tabell 2 – Kapitalkrav

Pilar 1-kravet utgjer 8 % av berekningsgrunnlaget, og er samansett av krav til rein kjernekapital (4,5 %), hybridkapital (1,5 %) og tilleggs kapital (2 %). Bufferkravet summerer seg til 8,0 %, og Pilar 2-kravet er på 1,7 %. Bufferkrava skal vere dekte med rein kjernekapital, Pilar 2-kravet skal dekkjast med minimum 56,25 % rein kjernekapital og 75 % kjernekapital.

Nytt Pilar 2-kravet for SSF blir truleg gjeldande frå 31.03.2024. Banken skal ha ein kapitalkravsmargin på minimum 1 %-poeng. Dette kjem til tillegg til minimumskravet på 1,7 %.

Bufferkravet er summen av krav til bevaringsbuffer, systemrisikobuffer, motsyklisk buffer og planleggingsbuffer. Dersom bufferkravet blir brote, i form av at banken ikkje har nok rein kjernekapital til å oppfylle kravet, skal det sendast ein kapitalplan til Finanstilsynet. Ved brot på bufferkrav kan ikkje banken betale utbytte til eigarane, renter på fondsobligasjonskapital eller bonus til tilsette utan samtykke frå Finanstilsynet.

2.1 Kjernekapitaldekning og kjernekapitalandel

Kapitaldekning er banksektoren sitt mest brukte måltal for soliditet. Struktura i eit kapitaldekningsmål er oppbygd på følgjande måte:

$$\text{Kapitaldekning} = \frac{\text{Kapital}}{\text{Berekningsgrunnlag}}$$

Berekningsgrunnlaget for banken blir berekna i tråd med regelverket for standardmetoden (kredittrisiko) og basismetoden (operasjonell risiko), og er eit risikovekta mål på banken si eksponering mot kredittrisiko og operasjonell risiko.

Gjennom 2023 auka berekningsgrunnlaget med 1,1 mrd. kroner. Auken skuldast i hovudsak auka utlånsvolum til privatkundar og næringslivskundar. Av kjende endringar som vil påverke berekningsgrunnlaget framover, er den omtalte nye standardmetoden for kredittrisiko den viktigaste. I tillegg vil ny basismetode for rapportering av operasjonell risiko kunne gi mindre endringar i berekningsgrunnlaget.

Måltalet for uvekta kjernekapitaldel er eit supplement til kapitaldekningsregelverket. Kjernekapitalen er definert som rein kjernekapital + hybridkapital, og skal minimum utgjere 5 % (3 % minimumskrav + 2 % buffer) av dei vekta egedelane til banken. Postar utanom balansen, omrekna med konverteringsfaktorar, skal også inkluderast i berekninga.

Banken har dei siste åra hatt følgjande utvikling i kapitaldekning:

	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Kapitaldekning	18,88 %	19,44 %	20,15 %	20,99 %
Kjernekapitaldekning	17,02 %	17,66 %	18,39 %	19,00 %
Rein kjernekapitaldekning	15,94 %	16,62 %	17,36 %	17,72 %
Regulatorisk krav rein kjernekapital	12,70 %	12,70 %	13,70 %	15,20 %
Kapitalkravsmargin	3,24 %	3,92 %	3,66 %	2,52 %

Tabell 3 – Utvikling kapitaldekning

For alle måltala har banken gode marginar til regulatoriske krav. Banken vil såleis vere i stand til å møte framtidige endringar i kapitalkrava utan å måtte setje i verk uønskte tiltak i drifta av banken. Det er foreslått avsett 507 MNOK til utbytte og gåver. Dette utgjør 61 % av resultat etter skatt for morbank, og er vurdert som forsvarleg utifrå kapitalsituasjonen. Generalforsamlinga tek endeleg stilling til forslaget i møte 21.03.24.

2.2 Kapitalstyring

Bankar som er underlagde kapitaldekningsregelverket skal i tillegg til å oppfylle minstekrav til ansvarleg kapital etter Pilar 1, regelmessig gjennomføre ein intern kapitalvurderingsprosess (ICAAP) for å vurdere andre risikoar banken er utsett for, ta stilling til kapitalbehovet som risikoane medfører, og sikre at banken har nok kapital til å dekkje desse risikoane.

Kapitalbehovet skal vurderast ikkje berre ut frå eksponeringane på eit gitt tidspunkt, men også ta omsyn til framtidige planar om vekst, strategiske endringar og val som vil påverke kapitalbehovet. I tillegg må kapitalplanen ta innover seg forventa endringar i kapitaldeknings- og kapitalkravsregelverket. Det skal minimum utarbeidast framskrivingar av den finansielle utviklinga for dei neste tre åra. Som grunnlag for å gjere ei god vurdering av kapitalbehovet, skal det utarbeidast scenarioanalysar som viser korleis negative hendingar påverkar resultat, balanse, likviditet og kapitaldekning.

Det vurderte kapitalbehovet utover Pilar 1, er banken sitt beste estimat for kor stort Pilar 2-kravet bør vere. Det endelege Pilar 2-kravet blir fastsett av Finanstilsynet, og kan avvike frå det banken sjølv har berekna. Banken må også ha nok kapital til å oppfylle gjeldande bufferkrav, og ein plan for å sikre at også forventa framtidige krav blir oppfylte. Ved brot på samla kapitalkrav vil Finanstilsynet kunne gripe inn på same måte som ved brot på bufferkrava, men med eit større handlingsrom. Det er også forventa at banken held ein kapitalkravsmargin på minst 1 prosentpoeng utover krava som er viste i Tabell 2.

Resultata av analysane som blir gjort gjennom ICAAP-prosessen blir dokumenterte i det årlege ICAAP-dokumentet som blir handsama av styret. Rapporten blir også send til Finanstilsynet. I ICAAP-dokumentet blir det gjort greie for kapitalmåla til banken i den komande treårsperioden.

ICAAP-prosessen er tett samanvevd med strategien til banken. Denne blir vedteken saman med risikorammer og finansielle prognosar. Risikorammene blir sette med bakgrunn i risikoprofilen styret har vedteke, og den finansielle prognosen vil vere påverka av ICAAP-dokumentet frå året før.

Med nye prognosar og risikorammer på plass, gjennomfører ein nye ICAAP-analysar, og ICAAP-dokumentet blir drøfta og vedteke i styret. Dei finansielle prognosane og risikorammene er avgjerande for kva analysane av framtidig kapitalbehov vil vise.

Resultata og vurderingane som er viste i ICAAP-dokumentet dannar på nytt grunnlag for strategiske avgjerder for det komande året. Kapitalsituasjonen er viktig i utforminga av hovudstrategien til banken.

Supplerande analysar av kapitalbehov blir gjennomførte minst kvartalsvis, på bakgrunn av kapitaldekningsberekningar ved utgangen av kvart kvartal. Viktige utviklingstrekk, funn og regelverksendringar blir orienterte om i kvartalsvise risikorapportar til styret, og gir eit betre grunnlag for å ta strategiske avgjerder.

Stresstesting/scenarioanalysar

Minst ein gong i året blir det utarbeidd ein stresstest som vurderer om banken er solid nok til å møte kraftige økonomiske nedturar. Den sist utarbeidd stresstesten, som er del av ICAAP-dokumentet for 2023, består av to nedgangsscenario med ulik alvorsgrad, der det mest alvorlege scenarioet gir negativt resultat i to av dei tre neste åra. I løpet av treårsperioden som scenarioet går over, er samla resultat etter skatt i det mest alvorlege scenarioet nærare 2,5 mrd. dårlegare enn i den styrevedtekne prognosen. I eit så alvorleg scenario vil banken vere i brot med forventa regulatoriske krav til kapitaldekning ved utgangen av prognoseperioden. Dette er under føresetnad av at det ikkje blir iverksett tiltak undervegs i prognoseperioden som betrar kapitaldekninga.

Gjenopprettingsplan

I gjenopprettingsplanen til banken som blir utarbeidd årleg, er det lista opp 18 moglege tiltak som kan gjennomførast for å forbetre kapitalsituasjonen i ei krise. Dette er tiltak som ein i ein normalsituasjon ikkje vil gjennomføre fordi dei påverkar framtidig lønsemd. Effekten av tiltaka viser at gjenopprettsevna til banken er god, og at ein ved tiltak frå planen vil vere i stand til å gjenopprette soliditeten til banken også i ein situasjon der det mest alvorlege scenarioet i stresstesten skulle inntreffe.

Tilpassing til retningslinjer for krisehandtering

EU sitt krisehandteringsdirektiv, Bank Recovery and Resolution Directive (BRRD), vart gjort gjeldande i EU i 2016. I Norge er direktivet gjennomført i finansforetaksloven kapittel 20 om soliditets- og solvenssvikt i bankar, kredittføretak og finanskonsern. Finansforetaksforskrifta kapittel 20 gir utfyllande reglar.

Viktige føremål med BRRD er å sikre finansiell stabilitet, redusere sannsynet for kriser, og å handtere kriser på ein effektiv måte om dei først oppstår. For å få til dette, er det viktig å sikre god førebuing mot kriser blant bankar og styresmakter. Ein må også ha planar som sikrar at finansføretak skal kunne handtere kriser under utvikling i ein tidleg fase, og styresmaktene må ha verktøy for å handtere finansføretak som hamnar i meir alvorlege kriser.

BRRD vart innført i Norge frå 1. januar 2019. For drifta av Sparebanken Sogn og Fjordane har dette mellom anna medført krav til utarbeiding av gjenopprettingsplanar, årleg krisetiltaksrapportering til Finanstilsynet og tilpassing til MREL-krav. I mars 2022 publiserte EBA retningslinjer for bankar og krisehandteringsstyresmakter om forbetring av krisehandterbarheit (EBA/GL/2022/01). Desse tredde i kraft 1.1.2024, og medfører omfattande krav til førebuande tiltak og planlegging av gjennomføring av ei krisehandtering.

3 Risikostyring

Risikostyring er prosessen med å identifisere, handtere og følge opp risikoane banken er utsett for. Samla risikoeksponering skal vere i samsvar med banken sin risikoappetitt, og risikostyringa skal støtte opp under dei strategiske måla til banken. Dette skal ein få til ved ein organisasjonskultur kjenneteikna av god kunnskap om risikostyring, og forståing av kva risikoar som er drivande for banken si inntening.

3.1 Risikogrupper og definisjonar

Med risiko meiner ein alle forhold som kan hindre banken i å nå fastsette mål. Banken har identifisert følgjande risikoar som relevante:

Risikoområde	Definisjon
Kredittrisiko	Risiko for tap som følgje av at motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle betalingspliktene sine overfor banken.
Konsentrasjonsrisiko	Risiko for tap som skuldast at ein har store delar av den utlånte kapitalen knytt opp mot einskildaktørar eller mot avgrensa geografiske- eller næringsmessige område.
Likviditetsrisiko	Risiko for at banken ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i egedelar, utan betydelege ekstrakostnader i form av prisfall på egedelar som må realiserast, eller i form av dyr finansiering.
Marknadsrisiko	Risiko for tap knytt til ugunstige endringar i marknadsprisar på eksponeringar i rente-, valuta- og aksjemarknaden.
Operasjonell risiko	Operasjonell risiko er risikoen for tap som skuldast menneskelege feil, manglar i banken sine system og prosessar eller eksterne hendingar.
Forretningsrisiko	Risiko for uventa inntekts- eller kostnadssvingingar som skuldast andre forhold enn kredittrisiko, likviditetsrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko.
Eigarrisiko	Risiko for at banken blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap, og/eller må tilføre ny kapital i selskapa.
Cyberisiko	Risiko for tap som skuldast enten svikt i teknisk infrastruktur eller bruken av teknologi i bedrifta.
Compliancerisiko	Risikoen for at banken ikkje fullt ut etterlever lover og reglar, og pådreg seg sanksjonar, økonomiske tap eller tap av omdømme som følgje av dette.
Kvitvaskingsrisiko og risiko for terrorfinansiering	Risiko for at banken blir brukt til kvitvasking, dvs. handlingar som sikrar utbyttet frå ulovlege handlingar ved å skjule kvar utbyttet blir av eller kven som rår over det, eller ved å tilslore opphavet til inntekter eller egedelar. Risiko for at banken blir brukt som ledd i å overføre pengar til personar eller grupper som har som føremål å gjennomføre terrorhandlingar.
Klima- og berekraftsrisiko	Risikoen for at endringar i klima eller endringar i miljøpolitikk på ulike måtar forringar livsgrunnlaget for kundane til banken, og påfører banken tap. Risiko for at drifta til kundane har negativ verknad på klima, økosystem og helse.
Omdømmerisiko	Risiko for at omdømmet til banken blir svekka til dømes gjennom manglande etterleving av lovverk, dårleg kommunikasjon mot kundar, bøter frå styresmaktene, eller handlingar som blir oppfatta som uetiske.


Tabell 4 - Risikoområde

Det er kredittrisiko som historisk sett har påført norske bankar store tap, og som i størst grad er styrande for kapitalkrava som bankane må tilpasse seg. Det er også den risikoen som er strengast regulert gjennom lover og forskrifter. Men risikobildet er i endring. Både cyberisiko, compliancerisiko, kvitvaskingsrisiko og klima- og berekraftsrisiko er døme på risikotypar som har fått større merksemd dei siste åra, og som bankane i større grad må ta omsyn til i arbeidet sitt framover.

Konsernet er eksponert for alle ovannemnde risikoar. Kredittføretaket er primært eksponert for kreditt-, likviditet-, marknad- og operasjonell risiko.

3.2 Overordna system for risikostyring

Banken sitt system for risikostyring kan illustrerast slik:



Figur 2 – Overordna system for risikostyring

3.2.1 Overordna føringar for risikostyring

3.2.1.1 Prinsipp for risikostyring

Banken skal ha ei risikostyring som byggjer på følgjande prinsipp:

- Banken sitt system og rutinar for risikostyring skal vere tilpassa kompleksiteten i drifta av banken.
- Risikostyring skal vere ein kontinuerleg prosess.
- Rapportering av risiko skal utformast på ein måte som gir eit rettmessig bilde av risikoen som banken er utsett for, og som er forståeleg for styre og leiing. Dette kjem til uttrykk i utforminga av kvartalsvise risikorapportar.
- Banken skal berre ta på seg risiko som er forstått av den som er ansvarleg for å handtere risikoen, og heller ikkje tilby produkt til kundar der risikobildet kan vere uklart for bank og/eller kunde.
- Den forventa avkastninga skal vere tilfredsstillande ut frå risikoen som ligg i tenestene og produkta som blir tilbydde. Risikoområde skal tildelast kapital som er tilstrekkeleg for å dekkje den potensielle eksponeringa som rammene gir rom for. Dette blir gjort gjennom den årlege ICAAP-prosessen.
- Risikostyring og -rapportering skal tilpassast rammer og mål, for å følgje opp at eksponeringane er innanfor styrevedtekte rammer.
- Risikoprofilen skal omsetjast til konkrete strategiar og retningslinjer.

3.2.1.2 Risikoprofil/risikotoleranse

Risikoprofilen til banken kjem til syne gjennom dei faktiske eksponeringane banken sit med. Risikoprofilen skal i størst mogleg grad samsvare med risikotoleransen, som seier noko om kor stor risiko banken aksepterer å ta.

Kjerneverksemda til banken er å tilby tenester til privatpersonar og bedrifter innanfor utlån, innskot, sparing, betalingsformidling og verdipapirhandel. I tillegg er banken aktiv i finansmarknaden, i form av låneopptak som finansierer utlånsverksemda til banken. Dette er avgjerande for at banken skal kunne oppnå dei inntektene som utlån til privat- og næringskundar gir.

Banken skal ikkje ta på seg vesentleg risiko knytt til andre område enn det kjerneverksemda medfører, dvs. hovudsakleg kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko. Banken kan ta moderat kreditt- og likviditetsrisiko, og låg marknadsrisiko. Det er likevel karakteristika ved banknæringa som medfører at ein på område som cyberrisiko og kvitvasking/terrorfinansiering må akseptere at risikoen ikkje kan seiast å vere låg sjølv om ein set i verk omfattande risikodempande tiltak. På desse områda definerer ein difor moderat risikotoleranse. Det er viktig å understreke at ein arbeider med ytterlegare risikodempande tiltak sjølv om risikoprofilen blir vurdert som moderat.

Risikoområde	Risikoprofil	Risikotoleranse
Kredittrisiko	Moderat	Moderat
Likviditetsrisiko	Moderat	Moderat
Marknadsrisiko	Låg	Låg
Operasjonell risiko	Låg	Låg
Forretningsrisiko	Låg	Låg
Eigarrisiko	Låg	Låg
Cyberrisiko	Moderat	Moderat
Compliancerisiko	Låg*	Låg
Kvitvaskingsrisiko og risiko for terrorfinansiering	Moderat**	Moderat
Klima- og berekraftsrisiko	Låg	Låg

Tabell 5 – Risikoprofil/risikotoleranse

*I periodar med omfattande endringar i eksisterande regelverk eller innføring av nytt regelverk, vil det vere krevjande å sikre rett forståing for regelverket i heile organisasjonen ved innføringstidspunktet. I slike periodar kan risikoprofilen på complianceområdet vere høgare enn låg.

**Risikoen innanfor kvitvasking og terrorfinansiering er vurdert innanfor ni ulike pilarar. På dei fleste områda er risikoen vurdert som moderat.

3.2.2 Risikorammeverk

I tillegg til prinsipp for risikostyring og risikoprofil/risikotoleranse, er også lovverket banken er underlagt som finansføretak, avgjerande for utforming og innhald i styrande dokument, og for organiseringa av banken.

Dei styrande dokumenta og organiseringa blir igjen styrande for korleis ein handterer risikostyringa i den daglege drifta (internkontrollprosessen). Dette er gjort greie for i kapittel 3.2.3.

3.2.2.1 Eksternt lovverk

Som finansføretak er store delar av banken si verksemd regulert gjennom finansforetaksloven. I tillegg vil banken gjennom verksemda si arbeide med spørsmål som blir regulerte i anna lovverk. Banken skal kjenne til og følgje alt relevant lovverk.

3.2.2.2 Styrande dokument

Banken har selskapsvedtekter som oppfyller informasjonskrav som er stilte i finansforetaksloven § 7-8. Vedtektene spesifiserer mellom anna formål, reglar for

grunnfondet, og samansetjing av generalforsamling og styre. Vedtektene er såleis eit styrande dokument på overordna nivå, men regulerer i liten eller ingen grad den daglege drifta av banken.

Dei styrande dokumenta som påverkar den daglege drifta av banken, er delte i tre hovudnivå:

Nivå	Dokument	Godkjent av	Område	Styringsnivå	Hovudbodskap
1	Strategiar - Hovudstrategi - Strategi for ulike risikoområde - Risikorammer	Styret	Overordna og per risikoområde	Overordna styrande	Kva er måla til banken?
2	Retningslinjer	Styret /Adm. dir. /KL/KU	Perrisikoområde	Operasjonelt styrande	Korleis innrettar vi drifta for å nå måla?
3	Rutinar, instruksar	KL	Innanfor kvart risikoområde	Operasjonelt styrande	Kva skal gjerast av kven, korleis og når?

Tabell 6 – Styrande dokument

Alle styrande dokument på dei tre nivåa skal vere i tråd med eksternt lovverk, og med føringane som er lagde i vedtektene.

Dokumenta på nivå 1 legg overordna føringar for drifta. Hovudstrategien til banken trekkjer fram fokusområda for banken det komande året, og blir eit retningsgjevande dokument for korleis ein ynskjer å utvikle banken, for kva risikoprofil banken skal ha og for kva rolle banken ynskjer å ha som samfunnsaktør. I tillegg inneheld hovudstrategien finansielle målsetnader for eigenkapitalavkastning, kostnadsprosent, utbyttegrad og kapitaldekning. Risikorammene set grenser for kor store eksponeringar banken kan ha på ulike felt.

Strategiane på dei ulike risikoområda (til dømes kredittstrategi og likviditetsstrategi), er også å sjå på som overordna dokument, men konsentrerer seg i motsetning til hovudstrategien berre om eitt enkelt fagområde/risikoområde. Detaljnivået er høgare enn i hovudstrategien. Strategiane blir vedtekne av styret.

Nivå 2-dokumenta gir svar på korleis drifta skal innrettast for at ein skal nå målsetjingane i strategiane. Det er administrasjonen i banken eller styret som godkjenner dokumenta.


I nivå 3-dokumenta er detaljnivået endå større. Rutinane og instruksane viser detaljert korleis ulike prosessar skal gjennomførast, når ulike oppgåver skal gjerast, og kven som skal utføre oppgåvene. Det skal vere god samanheng mellom dokumenta på dei ulike nivåa, slik at rutinane på nivå 3 er koplå opp mot dokument på nivå 2 og 1.

3.2.2.3 Organisering, ansvarsfordeling og rapporteringslinjer

Finansforetaksloven set fleire konkrete krav til korleis finansforetak skal organiserast. I lova er det også lagt føringar for kva type oppgåver som kan leggest til ulike organ i føretaket. Banken har tilpassa seg krava i finansforetaksloven, også på områda som er knytt til risikostyring.

Dei tre forsvarslinjene

Organiseringa av risikostyringsarbeidet er lagt opp rundt tre forsvarslinjer. Forsvarslinjene utgjør banken sin modell for risikohandtering, risikokontroll og etterleving. Oppgaver og ansvar innafor kvar forsvarslinje er illustrert i figuren nedanfor:



Figur 3 – Banken si organisering av risikostyringsfunksjonane

Forretningsområde og leinga i banken utgjør *første forsvarslinje*. I denne linja blir det gjort risikovurderingar og gjennomført risikoreduserande tiltak og kontrollar som skal sikre at banken opererer innanfor lovverk og interne retningslinjer og rammer. Eit viktig prinsipp i risikostyringa er at det er førstelinja som alltid er eigar av risikoane.

Risiko- og etterlevingsavdelinga i banken er *andrelinjeforsvaret*. Avdelinga skal sjå til at førstelinja faktisk opptre slik som retningslinjer og regelverk seier. Avdelinga skal utarbeide risiko- og etterlevingsrapportar til styret, og i tillegg rapportere ved brot på rammer og retningslinjer. Avdeling for risikostyring og etterleving skal involverast i lovpålagde risikovurderingar som skal gjerast ved utforming av nye og vesentlege endringar i produkt, tenester og aktivitetar, under dette utkontraktering. Dei tilsette ved avdelinga har tilgang til all informasjon i internrevisjonsprosjekt og interne prosjekt i banken.

Risiko- og etterlevingsavdelinga i banken har felles leiar. Leiaren er uavhengig av leiarar med ansvar for risikotaking, og deltek ikkje i avgjerder som direkte relaterer seg til dei ulike driftsområda i banken. Leiaren for avdelinga rapporterer direkte til administrerende direktør, men har også direkte rapporteringslinje til styret i tilfelle der andrelinja finn det nødvendig eller ynskjeleg. Leiaren for avdelinga møter fast i KL-møte. Dette er viktig for å kunne ha tilstrekkeleg innsikt og informasjon til å utøve godt andrelinjearbeid, og for å oppfylle forventninga om å kunne stille spørsmål knytt til avgjerder som har betydning for banken si risikoeksponering. Leiar av avdeling for risikostyring og etterleving kan ikkje seiast opp utan samtykke frå styret.

Det er utarbeidd instruksar for risikostyrings- og etterlevingsfunksjonen som er vedtekne av styret.

Internrevisor som *treddelinjeforsvar* rapporterer til styret. Internrevisjonen skal kontrollere at finansføretaket er organisert og vert drive på ein forsvarleg måte og i samsvar med

gjeldande krav til verksemda. Styret skal organisere og fastsetje retningslinjer for internrevisjonen.

Eksternrevisor er også del av kontroll- og risikostyringssystemet i banken, og gjennomfører den finansielle revisjonen. Eksternrevisor er oppnemnd av styret og rapporterer direkte til styret, inkludert revisjonsutval, og til generalforsamlinga.

Organiseringa av risikostyringa i dei tre forsvarslinjene er eit viktig element for å sikre at risikostyringa gjennomsyrrer heile verksemda, på tvers av funksjonar og med tilsette på alle nivå involverte i risikostyringsprosessen.

Styret

Styret vedtek mål, strategiar og risikorammer, og har ansvar for å sjå til at banken har effektive og tilstrekkelege system for risikostyring og internkontroll. Styret skal også handsame større kredittsaker som går utover fullmaktene til administrerande direktør.

Styret sitt ansvar og oppgåver er regulert i eigen styreinstruks. I tråd med krava i finansforetaksloven har styret tre underutval:

Risikoutvalet er førebuaende organ for styret i handsaming og overvaking av banken si risikoeksponering. Utvalet førebur styret si handsaming av kvartalsvise risikorapportartar frå andrelinja, årleg ICAAP- og ILAAP-rapport, årleg internkontrollrapport, årsrapport og årsplan for internrevisjon og årleg finansstrategi med tilhøyrande risikorammer. Utvalet førebur saker som omhandlar overvaking og styring av banken sine einskilde risikoar og samla risiko, med fokus på om banken sine styrings- og kontrollordningar er tilpassa risikonivået og omfanget av verksemda.

Revisjonsutvalet er førebuaende organ for styret. Oppgåvene til utvalet omfattar mellom anna å gjennomgå tapsavsetningar, overvake og vurdere revisor si uavhengigheit, vurdere og innstille på val av revisor, og å gjennomgå og vurdere rekneskapsrapporteringa til banken. Revisjonsutvalet går gjennom kvartals- og årsrekneskapan med særleg fokus på prinsipp, vesentlege verdivurderingar og estimat, nærståande partar og revisor sitt arbeid.

Godtgjersleutvalet er førebuaende organ for styret i handsaming av kompensasjonsordningane til banken. Vi viser til årsrapporten for SSF og vedlegg for meir informasjon om godtgjersleordninga til banken, inkludert avlønning av leiande tilsette i banken.

Administrerande direktør

Administrerande direktør skal sørge for at risikorammer, strategiar, rutinar og retningslinjer blir implementerte og kommuniserte i organisasjonen. Administrerande direktør har også ansvar for å sjå til at risikostyringa og internkontrollen er effektiv og dokumentert. Instruks for administrerande direktør gir ei fullstendig oversikt over ansvar og oppgåver.

Banken har ulike administrative komitear som har ansvar for å gjere vedtak om prising, likviditets-, balanse- og kredittstyringa i banken.

Kredittutvalet har ulike oppgåver knytt opp til kredittarbeidet i banken. Utvalet kan fatte vedtak i kredittsaker innanfor administrerande direktør si fullmakt eller etter særskild fullmakt frå styret.

Utvalet kontrollerer løyvingsprotokoll, godkjenner årleg fornying av store engasjement, gjer vedtak om nedskrivingar, og innstiller overfor styret på endringar i kredittpolitikk, løyvingsreglement og kredittstrategi. Det høyrer også med til utvalet sine oppgåver å godkjenne endringar i kreditthandbok og rutinar for kreditthandsaming.

Banken har ein *kredittkomité* for privatmarknadsområdet, som fattar vedtak i kredittsaker innanfor direktør PM si fullmakt. På saker som går utover fullmakta til direktør PM, innstiller komiteen og sender saka vidare til kredittutvalet.

Priskomiteen skal sikre at banken har ein produktportefølje som er i tråd med risikoappetitten til banken, og som skal bidra til å realisere mål som banken har sett seg i overordna strategiar. Komiteen skal også syte for at porteføljen er prisa slik at banken kan nå måla som er sette for EK-avkastning. Produktstrukturen og prisinga av porteføljen skal sikre god konkurransekraft.


Komiteen er leia av direktør for økonomi og finans.

Likviditetskomiteen er eit rådgjevande organ for adm. dir. i saker som gjeld likviditet og funding, og styring av marknadsrisiko. Komiteen skal kome saman ved behov, men minst ein gong i kvartalet. Komiteen diskuterer også spørsmål knytt til balansestyring og allokering av kapital.

3.2.3 Risikohandteringsprosess/internkontrollprosess

Risikoappetitten signaliserer kva banken er villig til å ta på seg av risiko. Strategiar og styrande dokument set rammer som skal sikre at banken opererer i tråd med valet av risikoappetitt. I tillegg skal eksternt lovverk leggje til rette for ei regulert og solid banknæring. Dette legg føringar og avgrensingar for korleis banken kan innrette drifta si.

Internkontrollprosessen skal sikre at banken i størst mogleg grad når måla sine, samtidig som ein held seg innanfor rammene som er sette gjennom strategiar, styrande dokument og lovverk. Med internkontroll meiner vi alle systematiske tiltak, gjennomført av banken sitt styre, leiing og tilsette, som er utforma for å gje rimeleg sikkerheit for at banken når måla knytt til målretta, effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av lovverk. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess som går gjennom heile året, og kan illustrerast slik:



Figur 4 – Internkontrollprosessen

3.2.3.1 Internkontrollprosessen – planleggingsfasen

Gjennom strategiar og prognosar legg styre og administrasjon mål for det komande året. Dei ulike fagområda må deretter innrette drifta med tanke på å støtte opp under desse måla.

Fagområda gjennomfører risikovurderingar med sikte på å avdekke kva faktorar som kan hindre at måla vert nådde. For vesentlege risikoar skal det planleggast tiltak og kontrollar som sikrar at risikoen blir dempa til eit akseptabelt nivå. I planleggingsfasen skal ein identifisere og vurdere risikoane.

3.2.3.2 Internkontrollprosessen - driftsfasen

I driftsfasen skal tiltaka og kontrollane ein har kome fram til i planleggingsfasen, gjennomførast. Løpande vurderingar av risikosituasjonen kan gjere det naudsynt med endringar frå opphavelig plan. I driftsfasen tek ein stilling til korleis ein skal handtere og overvake risikoen.

3.2.3.3 Internkontrollprosessen – rapporteringsfasen

Leiarar på vesentlege forretningsområde skal minst årleg vurdere om internkontrollen har vore gjennomført på ein tilfredsstillande måte. Dagleg leiar utarbeider ei oppsummerande vurdering av om internkontrollen har vore utført på ein tilfredsstillande måte og om det er behov for nye tiltak. Denne vurderinga blir handsama i styret.

Ved særskilde hendingar som kan få vesentlege verknader for banken, skal styret få melding omgåande. Vidare skal Finanstilsynet, Datatilsynet eller andre sentrale styresmakter varslast omgåande dersom det skjer hendingar eller avvik som er underlagt krav til sentral rapportering.

Uønskte hendingar eller avvik skal registrerast i banken sin Hendingdatabase.

Registreringane kan nyttast til opplæring, og på denne måten redusere framtidig operasjonell risiko.

4 Kredittrisiko

4.1 Definisjon av kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for økonomisk tap som følge av at kundar og andre motpartar manglar evne eller vilje til å oppfylle betalingspliktene sine ved forfall. Storparten av kredittrisikoen kjem frå utlån til privat- og bedriftsmarknadskundar, men også frå ansvar som kundar har i samband med renteberande verdipapir, valuta, garantiar og kredittar.

Kredittrisiko omfattar også konsentrasjonsrisiko som følge av store eksponeringar mot enkeltkundar, enkeltbransjar og geografiske område. Motpartsrisiko er omtalt i [eige kapittel](#).

4.2 Kredittrammeverk

Det overordna rammeverket for styring av kredittrisiko kan oppsummerast slik:

4.2.1 Kredittpolitikk

Kredittpolitikken er fastsett av styret og legg rammene for banken sin kredittstrategi. Formålet til kredittpolitikken er, saman med andre føringar for kredittprosessen, å sikre at banken si kredittportefølje har ein moderat risikoprofil og gir lønsemd i tråd med banken sin overordna strategi. Politikken legg bl.a. føringar for banken sitt marknadsområde, storleik på engasjement og kredittarbeidet i banken.

4.2.2 Kreditstrategi

Kreditstrategien vert årleg fastsett av styret. Strategien legg mål og rammer for det daglege kredittarbeidet innanfor høvesvis privatmarknaden og bedriftsmarknaden, og skal styre banken mot fastsette mål for porteføljekvalitet og inntening frå kredittområdet.

Kreditstrategien skil mellom rammer og måltal. Administrasjonen skal setje i verk tiltak dersom banken står i fare for å kome i brot med gjeldande ramme. Administrasjonen skal sette i verk tiltak dersom det oppstår brot på måltal, og desse ikkje er vurdert å vere forbigåande.

4.2.3 Løyvingsreglement / løyvingsfullmakter

Styret fastset løyvingsfullmakt til administrerande direktør. Administrerande direktør kan delegere fullmakt til kredittutval (KU), medlemmer av kredittutval og kundeansvarlege. Løyvingsfullmaktene er avgrensa med omsyn til engasjementsstorleik og risiko.

4.2.4 Kreditthandbok med tilhøyrande rutinar

Kreditthandbok med tilhøyrande rutinar vert fastsett av administrerande direktør og revidert løpande. Kreditthandboka inneheld reglar som i detalj styrer alle relevante forhold knytt til banken si kredittgjeving.

4.3 Organisering

Organiseringa av ansvar for kredittrisiko kan beskrivast slik:

4.3.1 Styret

Styret skal sjå til at banken har etablert forsvarleg styring og kontroll av kredittområdet og at dette vert etterlevd.

4.3.2 Administrerande direktør

Administrerande direktør har det overordna ansvaret for utført kredittarbeid i banken og er ansvarleg overfor banken sitt styre. Administrerande direktør har fått tildelt fullmakter frå styret og kan delegere fullmakta si som beskrive under punkt 4.2.3.

4.3.3 Kredittutvalet, inkludert kredittkomitè PM

Kredittutvalet vert leia av administrerande direktør og handsamar store engasjement og saker av spesiell karakter. Store engasjement vert årleg drøfta i kredittutvalet, og tapsutsette engasjement vert gjennomgått kvartalsvis. Kredittutvalet vedtek endringar i banken sine rutinar innan kredittområdet og tilrår kredittpolitikk og kredittstrategi overfor styret. Sjå også avsnitt 3.2.2.3 for nærare omtale av kredittutvalet og kredittkomiteen.

4.3.4 Kredittsjef

Kredittsjefen har ansvar for utarbeiding og etterleving av retningslinjer og rutinar for kredittområdet. Kredittsjefen har eit særleg ansvar for kredittkvaliteten i banken, og sørgjer for utarbeiding av rammeverk og gjennomføring av kredittkontroll i førstelinja.

4.3.5 Direktør privatmarknad og direktør bedriftsmarknad

Desse har ansvar for prising, risiko og inntening i høvesvis PM- og BM- porteføljen. Direktør BM har vidare ansvar for dei bransjeansvarlege og deira arbeid.

4.3.6 Avdeling for risikostyring og etterleving

Avdeling for risikostyring og etterleving er ein uavhengig andrelinjefunksjon som har ansvar for utarbeiding av modellpark for måling av kredittrisiko og validering av denne. Avdelinga har vidare ansvar for overvaking av banken si etterleving av rutinar på kredittområdet og kvartalsvis utarbeiding av risikorapport til banken sitt styre.

Observasjonar frå avdeling for risikostyring og etterleving, blir saman med tilrådingar frå internrevisor nytta til å implementere forbetringar i det daglege kredittarbeidet.

4.4 Risikoklassifisering (score)

SSF klassifiserer kundane på bakgrunn av sannsyn for misleghald dei komande tolv månadene (PD). Det er utvikla ulike modellar for personmarknads- og bedriftskundar. Modellane er delte inn i ti risikoklassar (A-J), i tillegg til ein klasse for misleghald og tap (K).

Banken har søknadsscore- og åtferdscoremodellar på kundenivå, for kvart av marknadssegmenta nemnt i avsnittet ovanfor. Søknadsscoremodellane blir nytta for å rekne ut PD når ein kunde søker om eit lån eller ein kreditt, medan åtferdscoremodellane blir brukt til å berekne PD for alle løpande engasjement ved utgangen av kvar månad.

For oppfølgingsformål fordeler ein ofte dei elleve risikoklassane i låg, middels og høg risiko. For lågrisikokundar (A-D) er sannsynet for misleghald dei neste tolv månadane under 0,75 %. For høgrisikokundane (H-K) er sannsynet for misleghald dei neste tolv månadane over 3 %. Mellom desse ligg kundar med middels risiko (E-G). Følgjande oversikt viser ei meir detaljert oversikt over samanhengen mellom risikoklasse og sannsyn for misleghald.

Risikoklasse	PD
A	[0.00;0.10>
B	[0.10;0.25>
C	[0.25;0.50>
D	[0.50;0.75>
E	[0.75;1.25>
F	[1.25;2.00>
G	[2.00;3.00>
H	[3.00;5.00>
I	[5.00;8.00>
J	[8.00;100.00>
K	[100.00]

Figur 5 – Risikoklassifisering, sannsyn for misleghald

Risikoklassifiseringsmodellane blir validerte årleg. Det blir utarbeidd rapportar der resultatane frå valideringane blir dokumenterte. I valideringane blir faktisk misleghald vurdert mot misleghaldet som modellane predikerer. I tillegg blir det gjort analysar av om rangeringa av kundane er tilfredsstillande, og om dei enkelte variablane i modellen har god forklaringskraft.

Overstyringar finn sjeldan stad, og skal i alle tilfelle grunnjevast. Overstyringane blir ikkje gjort av dei forretningsmessige einingane, men av kredittavdelinga. Det blir ikkje gjort overstyringar av risikoklasse på kundar innanfor privatmarknaden.

4.5 Kredittmodellar

4.5.1 Modell for sannsyn for misleghald (PD)

Banken har, basert på interne misleghaldsdata, utvikla modellar for å estimere sannsynet for at ein kunde går i misleghald i løpet av den påfølgjande 12-månadsperioden (12-månads PD). Sannsynet for at eit engasjement går i misleghald i løpet av restløpetida til engasjementet (livstids-PD) vert avleia av 12-månads PD, der ein går ut frå at PD på sikt migrerer mot gjennomsnittleg PD i porteføljen.

4.5.2 Modell for eksponering ved misleghald (EAD)

EAD representerer forventa eksponering mot kunden på tidspunkt for misleghald. For lån der det finst ein kontraktsfesta nedbetalingsplan blir dette nytta som utgangspunkt for fastsetting av EAD. Det blir gjennomført ei justering for å ta omsyn til sannsynet for at kunden betaler tilbake lånet raskare enn det som er gitt av nedbetalingsplanen. Dette inkluderer sannsynet for at kunden innfrir lånet før avtalt innfriingstidspunkt. For kredittar går ein ut frå at heile ramma er trekt opp på misleghaldtidspunktet.

4.5.3 Modell for tap ved misleghald (LGD)

LGD representerer det banken forventar å tape gitt at eit engasjement går i misleghald, og byggjer på komponentane:

- Sannsynet for at eit misleghalde engasjement blir friskmeldt
- Framskreven sikkerheitsdekning for engasjementet
- Forventa gjenvinning av usikra del av engasjementet
- Eksterne kostnader ved realisasjon

I tillegg er det sett eit nedre golv for tap dersom kontoen ikkje blir friskmeldt. Dette golvet var pr. 31.12.21 sett til 1 % for kundar innanfor privatmarknad og 2 % for næringskundar. Ein konto blir rekna som friskmeldt dersom kontoen har vore i misleghald og er blitt avslutta utan konstatering av tap..

I berekning av sikkerheitsdekning nyttar banken forventa realisasjonsverdi av underliggande pant. Realisasjonsverdien blir sett til ein bestemt prosent av estimert marknadsværdi, avhengig av type pant. Realisasjonsverdiane blir framskrivne basert på tre framtidsscenario for prisutvikling.

4.5.4 Modell for forventa tap (ECL)

I samsvar med IFRS 9 blir tapsavsetningane for alle gjeldskonti, garantiar og unytta kredittar innrekna basert på forventa kredittap. Forventa kredittap blir berekna av ovannemnde sannsyn for misleghald (PD), eksponering ved misleghald (EAD) og tap gitt misleghald (LGD).

I modellen blir låna delt i tre trinn. Når eit lån blir innrekna første gongen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom kontoen har hatt ein vesentleg auke i kredittisiko sidan den vart innrekna første gongen, men ikkje er kredittforringa, blir engasjementet flytta til trinn 2. Kredittforringa/misleghaldne engasjement blir allokerte til trinn 3, der definisjonen av

misleghald samsvarer med definisjonen nytta i intern risikostyring, sjå kapittel 4.6.3. Ein konto blir alltid allokert til det høgaste trinnet den kvalifiserer for.

4.5.5 Validering

Føremålet med valideringsprosessen er å etterprøve kredittrisikomodellane for å sikre at desse har best mogleg predikeringsevne over tid. Banken har eiga rutine for validering av modell for forventa tap, samt underkomponentane i denne. Validering og dokumentasjon av denne blir utarbeidd av avdeling for risikostyring. Valideringsrapportane blir handsama i kredittutvalet.

4.5.6 Risikoprising

På privatmarknad har banken ein prismodell som gir tilrådd pris i kvar enkelt kredittsak, og som gir banken høve til å overvake innvilga pris opp mot tilrådd pris. Prismodellen gir ein tilrådd pris basert på parameterane sannsyn for misleghald (PD), tap gitt misleghald (LGD), finansieringskostnad og krav til eigenkapitalavkastning.

På bedriftsmarknad har ein teke i bruk tilsvarende modell for risikoprising som for PM frå og med 01.01.2024.

4.6 Kredittprosessen

4.6.1 Innvilging

Primærområdet for bedriftsmarknaden er definert som Sogn og Fjordane. Næringslivskunden sin administrasjon eller den operative verksemda skal som hovudregel ligge innanfor primærområdet. I definerte bransjar kan banken ha engasjement også utanfor marknadsområdet. For 2024 er det opna for unntak frå primærområdet for småkraft.

Banken kan ha engasjement med privatkundar over heile landet. Primærområdet for personkundar er definert som Sogn og Fjordane og Bergen omegn (Nordhordland, Bergen, Askøy og Øygarden)

Ei sentral føring for all kredittgiving er at kreditt berre skal ytast dersom krav til beteningsevne er oppfylt. Manglande evne til å bere lånekostnadene kan ikkje kompenseras med pant eller anna trygd som gir banken dekning. I slike tilfelle skal kreditt ikkje innvilgast.

Banken har rutinar for verdsetjing av panteobjekt. Ved berekning av sikkerheitsdekning nyttar ein forventa realisasjonsverdi av underliggende pant. For bustadeigedomar er realisasjonsverdien sett til 80 % av forventa marknadsverdi. For anna pant vert verdien redusert ytterlegare avhengig av type pant.

Banken har eit system for prising av lån som gjer at to låntakarar med lik kredittrisiko skal få same rettleiande rentesats.

4.6.2 Overvaking

Banken har retningslinjer for engasjementsoppfølging (under dette engasjementsfornying), oppfølging av misleghald og overtrekk, identifisering og oppfølging av problemengasjement, oppfølging av tilleggsvilkår (covenants) og utarbeiding av handlingsplanar. Omfanget av oppfølging blir blant anna bestemt av engasjementsstorleik, risikoklasse og vurdert risiko. Misleghaldne/kredittforringa engasjement har minimum kvartalsvis oppfølging, der ein vurderer og vedtek nedskrivingar.

Banken nyttar ekstern inkassator til utanrettsleg og rettsleg inkasso av krav mot kundar for privatkundemarknaden og for personleg restansvar på næringslivskundar etter at avdelingane sjølv har realisert pantet og mogleg kausjonsansvar er gjort gjeldande.

I ICAAP-prosessen blir det årleg gjennomført stresstestar som inneheld element relaterte til kredittområdet. Stresstestane vurderer korleis auka tap og auka misleghald påverkar kapitalsituasjonen til banken.

Stresstesting er ein andrelinjefunksjon, og ansvaret er organisert i avdeling for risikostyring. Resultatet av stresstestane i ICAAP-prosessen blir lagt fram for styret.

4.6.3 Misleghald

Misleghald

Massemarknad og engasjement med pant i bustad (PM):

Ein konto vert vurdert som misleghalden dersom det er betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg. Grensa for vesentlegheit er sett til 1.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo. Misleghald på ein konto smittar over på alle kunden sine konti i same produktgruppe.

Ein kunde vert vurdert å vere i misleghald dersom kunden har minst ein konto i misleghald som utgjer meir enn 20 % av total eksponering mot kunden eller dersom det vert vurdert som lite sannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet utan å realisere trygd («unlikeliness to pay»)

Andre engasjement (BM):

Ein kunde vert vurdert å vere i misleghald dersom minst ein konto er i betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg eller dersom det vert vurdert som lite sannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet utan å realisere trygd («unlikeliness to pay») Grensa for vesentlegheit er sett til 2.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo.

Følgjande årsaker gir automatisk «unlikeliness to pay» og skal føre til misleghald:

- Individuell nedskrivning på kunden
- Konkurs
- Gjeldsordning
- Restrukturering, betalingslette som reduserer verdien av engasjementet med meir enn 1 %
- Realisering av trygd ved tvang eller påtrykk frå banken (med nokre unntak)
- Forventning om konkurs eller betalingsmisleghald

Andre årsaker medfører manuell vurdering av «unlikeliness to pay» og kan føre til misleghald, eksempelvis:

- negativ migrasjon i risikoklasse
- negative selskapshendingar (styret fråtrer o.l.)
- negativ bransjeutvikling

Kunde eller konto i misleghald har karanteneperiode på minimum 3 månader.

Kunde eller konto i misleghald ved restrukturering har karanteneperiode på minimum 12 månader.

Det blir lagt til grunn at misleghaldne engasjement er det same som kredittforringa engasjement definert i IFRS 9.

4.6.4 Nedskrivning (forventa kredittap)

IFRS 9 sine prinsipp knytt til nedskrivning for tap på finansielle instrument tek utgangspunkt i at det skal setjast av for forventa tap på alle eksponeringar. Dette inneber at ein estimerer dei framtidige kredittapa uavhengig av om ein finansiell egedel er kredittforringa eller ikkje.

For finansielle egedelar blir nedskrivninga rekna som noverdien av differansen mellom dei kontraktsregulerte kontantstraumane banken skal motta i høve til avtalen, og dei kontantstraumane banken ventar å motta.

Det blir vist til årsrekneskapen, note 12, for nærare beskriving av modellbasert- og individuell nedskrivning etter IFRS 9. Endeleg konstatering av nedskrivning blir som hovudregel gjort når alle sikkerheiter er realisert og det er venta at banken ikkje vil få fleire innbetalingar på engasjementet. Kravet mot kunden blir oppretthalde så lenge det ikkje er inngått avtale om gjeldssanering med kunden.

5 Motpartsrisiko

5.1 Definisjon

Motpartsrisiko er definert som risiko for tap som skuldast at motpartane til banken ikkje overheld betalingspliktene sine. Risikoen må sjåast i samanheng med andre risikotypar, og er nær knytt til kredittrisiko og marknadsrisiko.

Banken tilbyr derivatprodukt til kundar som har behov for å styre rente- eller valutarisiko. I tillegg inngår banken derivatavtalar med finansielle motpartar for å styre rente- og valutarisiko som oppstår ved yting av fastrentelån, mottak av fastrenteinnkot, innlån til fast rente og betalingar i utanlandsk valuta.

Det er etablert gode avtalar med banken sine finansielle motpartar. Som følgje av dette er banken sin motpartsrisiko monaleg redusert.

Tiltak for å minimere motpartsrisikoen:

1. Det er etablert motrekningsavtalar mot alle finansielle motpartar. Slike avtalar gjer det mogleg å motrekne positive og negative marknadsverdiar knytt til kontraktar med same motpart.
2. Det er inngått CSA-avtalar med alle banken sine finansielle motpartar. Desse CSA-avtalane inneber at marknadsverdien av alle derivatavtalar inngått mellom banken og ein motpart blir berekna dagleg. Dersom differansen mellom summen av marknadsverdiane og allereie overførte sikkerheiter er over 2 MNOK skal det overførast ytterlegare (evt. tilbakeførast) sikkerheiter slik at differansen vert tilnærma null.
3. Motpartsrisiko i derivathandel mot kundar er redusert ved at meir- eller mindreverdiar er avrekna dagleg, og kunden har stilt kontantdepot eller anna trygd til rådvelde for inngåtte kontraktar.

5.2 Styring og kontroll

Den daglege styringa av motpartsrisiko vert gjort av finansavdelinga og vert utøvd innanfor styrefastsette rammer. Både back office (1.linje) og risikostyring (2.linje) føretek jamleg kontrollar av at motpartsrisikoen er innanfor vedtekne rammer. Banken sine risikorammer set rammer for kor stor eksponering ein kan ha per motpart, inkludert utlån og derivat. Desse rammene er basert på kredittratinga til motparten, og ramma vil dermed bli redusert dersom motparten vert nedgradert. I praksis vert derivatdelen svært liten grunna overføringa av sikkerheiter som held denne under 2 MNOK per motpart.

Ved berekning av kapitalkrav for motpartsrisiko vert EAD berekna ved justert opprinnelige engasjements metode (OEM). EAD vert berekna som summen av maksimal tillat open risiko (2,5 MNOK) og eit tillegg for potensiell framtidig eksponering. Risikovektene for den einskilde motpart vert sett utifrå den einskilde motparten si rating.

6 Marknadsrisiko

6.1 Definisjon

Marknadsrisiko er risikoen for at verdien av egedelar endrar seg på grunn av svingingar i finansmarknaden. For SSF sin del kan denne risikoen delast i fem:

- Renterisiko er risiko for tap grunna endringar i marknadsrenter
- Kredittspreadrisiko er risikoen for tap grunna endra prising av kredittrisiko i finansmarknaden
- Valutarisiko er faren for tap som følgje av endring i valutakursar
- Aksjerisiko er risiko for fall i verdien av banken sine aksjar
- Eigdomsrisiko er risiko for tap som følgje av endring i eigdomsprisane

6.2 Styring og kontroll av marknadsrisiko

Marknadsrisikoen vert primært styrt av finansavdelinga i banken, med unntak av valutarisikoen som vert styrt av kapitalmarknadsavdelinga. Banken sine posisjonar blir periodisk rapportert til styret, som også har vedteke risikorammene for marknadsrisiko. Rammene reflekterer at banken i strategi for risikostyring har vedteke at banken skal ha låg marknadsrisiko.

Styret fastset overordna rammer for marknadsrisiko. Finansavdelinga har ansvaret for at banken er innanfor risikorammer og regelverk. Risikostyringsavdelinga kontrollerer dagleg at rammene vert følgde. Risikorammene blir oppdaterte årleg. Renterisiko blir rapportert månadleg til leiinga og styret.

6.2.1 Renterisiko, inkludert kredittspreadrisiko

Hovudfokuset for måling og styring av renterisiko er å unngå tap som følgje av posisjonar med stor eksponering mot uventa endring i rentenivået. Banken er naturleg eksponert for renterisiko. Banken nyttar vanlege rentebytteavtalar til å styre renterisikoen. Banken nyttar korte valutabytteavtalar som vil innehalde element av renterisiko, men har elles ikkje finansiering i utanlandsk valuta, basisswappar, kompliserte derivat eller andre opsjonsstrukturar som kompliserer renterisikomålingane.

Renterisiko er knytt til rentenivårisiko, kredittspreadrisiko og renteendringsrisiko:

- Rentenivårisiko blir overvaka ved å talfeste nettoeksponering mot endring i det generelle rentenivået. Eksponeringa blir målt innafør ulike tidsintervall. Alle posisjonar i og utanfor balansen er med i målingane. Risikoen for tap grunna renteendringar er avgrensa gjennom risikorammer, både innanfor enkeltintervall og for intervalla samla.
- Kredittspreadrisiko er knytt til tap som følgje av endra risikoprising i finansmarknaden. Slik risiko har vi primært frå obligasjonsinnlån og obligasjonsplasseringar.
- Renteendringsrisiko oppstår fordi det i praksis tek tid frå renteendring skjer i finansmarknaden til banken har fått justert vilkåra på innskot og utlån med flytande rente. Finansavtalelova krev frå og med tredje kvartal 2023 to månader varslingsfrist ved renteendringar til ugunst for PM-kundane.

Banken måler renterisiko ved å bruke metodar og scenario beskrive i retningslinjer frå EBA. For å berekne renterisiko estimerer banken effekt på eigenkapitalen ved ei endring i marknadsrenta (EVE – Economic value of Equity) og effekt på banken sitt resultat (NII – Net interest income). EBA foreslår 6 rentesjokksenario for berekning av EVE og to for berekning

av NII. Dei seks scenarioa gir følgjande samla verdiending for utlån, innlån og swappar, gitt ei momentan renteendring (EVE) og på årsresultatet (NII):

EBA Scenario	Effekt på EK (EVE)	Effekt på Resultatet (NII)
1. Parallell skift opp	- 15,3	92,2
2. Parallell skift ned	17,1	- 92,2
3. Korte renter ned, lange renter opp	0,2	
4. Korte renter opp, lange renter ned	- 3,8	
5. Korte renter opp	- 10,1	
6. Korte renter ned	9,9	
Største målte risiko	17,1	92,2

Tabell 7 – Renterisiko for 31.12.2023 målt basert på ulike scenario.

Parallellskifta er på 2 %-poeng for heile rentekurva, endringa i lange renter gjeld for den delen av rentekurva som ligg meir enn 7 år fram i tid, endringa i korte renter gjeld for den delen av rentekurva som går frå 0-2 år. Standardscenarioet for full rammeutnytting vil maksimalt gi eit tap på 80 millionar kroner ved 2 %-poeng renteendring. I kapitalavsetninga knytt til endring i eigenkapitalen som følgje av renteendringar er det difor mest relevant å legge til grunn 2 % parallellskift på full rammeeksponering. Dette gir ei kapitalavsetning på 80 millionar kroner.

I kapitalavsetninga til rentenivårisiko er det også vurdert renterisiko knytt til endringar i rentenetto ved endra rentenivå. Det er estimert at med utgangspunkt i balansen pr 31.12.2023 vil ein slik renteoppgang gi eit positivt resultatbidrag på 92 millionar kroner etter skatt. Ved ein 2 %-poeng rentenedgang vil effekten bli - 92 millionar kroner etter skatt. Banken er vanlegvis eksponert slik at summen av verdiendingar på swappar, fastrenteinnlån og fastrenteutlån er positiv ved rentefall. Dette inneber at effektane på eigenkapital og rentenetto går i motsett retning. Med grunnlag i denne vurderinga bør kapitalavsetninga på 80 millionar kroner knytt til verdifallet på eigenkapitalen ved full utnytting av risikorammene vere tilstrekkeleg avsetning til marknadsrisiko.

Kapitalavsetninga til kredittspreadrisiko er knytt til fall i verdien på renteberande verdipapir som inngår i likviditetsporteføljen til banken, og utgjorde 59 millionar kroner pr 31.12.2023.

6.2.2 Valutarisiko

Valutarisikoen er knytt til verdiendingar på egedelar og gjeld i valuta som ikkje er valutasikra. Den primære kjelda til valutarisiko i banken er at kundar har behov for å nytte banktenester som betaling, innskot og lån i utanlandsk valuta. Valutarisikoen blir målt ut frå samla nettoposisjon i ulike valutaer.

Aktivitetar knytt til omsetning av valuta skal til ei kvar tid skje innanfor vedtekne retningslinjer, rammer og fullmakter. Rammene set avgrensingar for maksimal valutaeksponering, målt i kroner. Det er sett rammer både for nettoposisjonar i kvar valuta, og samla valutaeksponering. Rammene for valutarisiko er låge, og med gjeldande metodikk medfører dette at det ikkje blir gjort netto avsetning til valutarisiko.

Valutaeksponering	Netto eksponering (31.12.23)
JPY	1
DKK	1
HKD	0
GBP	0
SEK	0
CHF	-1
USD	-8
EUR	-31
Andre	1
Sum	-35

Tabell 8 – Valutarisiko fordelt på forskjellige valutaer

6.2.3 Aksjerisiko

Aksjerisikoen er knytt til at verdifall i aksjepostane som banken eig. Banken har per i dag berre strategiske aksjeinvesteringar. Ved utgangen av 2023 var aksjane vurderte til å ha ein verdi på 734 millionar kroner. Utover avsetninga til kredittrisiko i Pilar 1, gir aksjeporteføljen med gjeldande metodikk ei avsetning til aksjerisiko i Pilar 2 på 50 millionar kroner.

Aksjane blir verdsette basert på kjende omsetningskursar eller konvensjonelle verdsettingsmetodar.

Kjøp og sal av strategiske aksjar/eigarskap skal godkjennast av eller skje etter særskilt fullmakt frå styret. Strategi for investeringar i strategiske aksjar er utdjupa i eigen delstrategi vedteken av styret. Ved utgangen av 2023 såg aksjeporteføljen til banken slik ut:

Formål	Investering	Bokført verdi
Strategiske investeringar	Frende	366
	SB1 Finans	119
	Balder Betaling	95
	Eksportfinans	69
	Eiendoms kreditt	52
	Hotell Alexandra	13
	Visa Norge	10
	Kredittforeningen for Sparebanker (KfS)	4
	Visa Inc	3
	Andre	5
	Sum strategiske inv.	734

Tabell 9 – Strategiske investeringar og tilknytte selskap

6.2.4 Egedomsrisiko

Egedomsrisiko er risiko for reduserte verdiar på konsernet sine eigedomar. Konsernet sine investeringar i eigedomar er knytt til investeringar i egne bankbygg og fem bedriftshytter. Den bokførte verdien i rekneskapen er betydeleg lågare enn den vurderte marknadsverdien av eigedomane. Sjølv med simulerte fall i eigedomsprisar på 30 %, slik Pilar 2-berekninga legg opp til, blir kapitalavsetninga lik null. Måling av risiko

Sparebanken Sogn og Fjordane har ikkje handelsportefølje og rapporterer såleis ikkje minimum kapitaldekning etter standardmetoden for marknadsrisiko. Aksje- og

obligasjonsplasseringane bind likevel også kapital i Pilar 1, i form av avsetning til kredittrisiko.

Avsetninga i Pilar 2 følgjer metodane som er gjort greie for i Vedlegg 3 til Rundskriv 3/2022 frå Finanstilsynet. I stor grad baserer metodane seg på stresstesting der ein ser på endringar i marknadstilhøve som påverkar verdien på egedelane negativt.

7 Likviditetsrisiko

7.1 Definisjon

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

7.2 Styring og kontroll


Likviditetsrisikoen blir styrt med utgangspunkt i finansstrategien og risikorammene som set rammer for mellom anna langsiktig finansiering, storleik på unytta trekkrettar, storleik på likviditetsreserve, krav til rating og lengda på perioden banken kan vere uavhengig av ny finansiering frå penge- og kapitalmarknaden.

Gjennom den årlege ILAAP-prosessen vurderer banken likviditets- og finansieringsrisikoen, under dette framtidig likviditets- og finansieringsbehov. Banken skal vurdere om strategi og rammer, organisering og kontrollsystem sikrar at banken til ei kvar tid har tilstrekkeleg likviditet. Krav til storleik på likviditetsreserven vert sett gjennom myndigheitskrav og stresstestar.

Likviditetsrammene blir oppdaterte årleg. Det blir lagt vekt på at tilfeldige hendingar ikkje skal få alvorlege konsekvensar for betalingsevna. Det er såleis bygd opp ein likviditetsreserve i renteberande verdipapir og bankinnskot som skal dekke forfall på marknadsfinansiering dei næraste månadene, i tillegg til svingingar i likviditetsutgangen. Gjennom stresstestar knytt til sannsyn av- og konsekvens for sviktande finansiering blir det fastlagt krav til forfallsstruktur og likviditetsreserve.

Likviditetsreserven til banken skal dekkje minimum 4 månader omstillingstid i eit stressa scenario. Det blir gjennomført periodiske stresstestar for bortfall av likviditet for å teste om likviditetsreserven er stor nok. Banken har også eigen beredskapsplan for bortfall av likviditet.

Det blir lagt vekt på å ha ein balansert finansieringsstruktur med omsyn til finansieringskjelder og forfall på ulike løpetider. Innskot er den viktigaste finansieringskjelda til banken, og innskotsdekninga var ved utgangen av 2023 var på 55,7 %. Banken finansierer seg også gjennom obligasjonsmarknaden. Gjennom dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS finansierer konsernet seg gjennom OMF-marknaden. Dette er ei viktig kjelde både til å sikre billegare finansiering og til å redusere likviditetsrisikoen. Per 31.12.2023 såg forfallsstrukturen på banken si eksterne finansiering slik ut:



Figur 6 – Forfall på marknadsfinansiering

7.3 Organisering av ansvar

Administrerende direktør har det overordna ansvaret for dagleg styring og kontroll med SSF sin samla likviditet, men fullmakter for utøving av det operative ansvaret for likviditetsstyringa og posisjonstakinga er delegert til Direktør for Finans og Økonomi og vidare til Leiar Finans.

Leiar Finans gjennomfører transaksjonar i finansmarknaden innafor delegerte fullmakter og rammer.

Leiar Finans har fullmakt til å ta opp sertifikatlån og til å initiere opptak av nye obligasjonslån når opptaket er godkjent av Adm. direktør og/eller fullmakt er nedfelt i referat frå Likviditetskomiteen.


Back office finans og kapitalmarknad og risikostyring gjennomfører leiingsrapportering og kontroll.

Likviditetskomiteen er eit rådgjevande organ for Adm. direktør i saker som gjeld likviditet og funding, under dette mellomrekning (internprising av kapital), kapitaldekning og styring av marknadsrisiko. Medlem i komiteen er Adm. direktør, Direktør for Finans og Økonomi, Leiar Finans, Økonomisjef og Risk Manager. Andre vert kalla inn etter behov. Komiteen skal kome saman ved behov, men minst ein gong i kvartalet, for å drøfte likviditetssituasjonen i SSF og vurdere behov for tiltak.

7.4 Måling av risiko

Likviditets- og finansieringsrisikoen blir teken omsyn til ved tilpassing til interne risikorammer og til lovkrav knytt til måltal som LCR og NSFR. Banken har posisjonert seg godt i forhold til desse måltala. Ved utgangen av 2023 var LCR 165 %, og NSFR 122 %.

7.4.1 Finansieringsstruktur



Figur 7 – Endra finansieringsstruktur siste 12 månader

7.4.2 Samansetjing av likviditetsporteføljen 31.12.2023

Obligasjonar og sertifikat	Bokført verdi	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav 8 %
Statar og sentralbankar	1 659,6	0,0	0,0
Lokale og regionale styresmakter	400,8	40,1	3,2
Multinasjonale utviklingsbankar	0,0	0,0	0,0
Institusjonar	22,4	4,5	0,4
Føretak	0,0	0,0	0,0
OMF	5 072,2	507,2	40,6
Sum	7 155,0	551,8	44,1

Tabell 10 – Eksponering etter type motpart

Rating	Marknadsverdi
AAA	7 132,6
AA	0,0
A	0,0
BBB	0,0
BB	0,0
B eller lågare	0,0
Ikkje-rata kommunar	0,0
*Andre ikkje-rata	22,4
Sum	7 155,0

Tabell 11 – Eksponering etter motpartens kredittkvalitet

8 Operasjonell risiko

8.1 Definisjon

Operasjonell risiko er risikoen for tap som skuldast menneskelege feil, manglar i banken sine system og prosessar eller eksterne hendingar.

8.2 Styring og kontroll, rapportering, overvaking

Styring av operasjonell risiko er skildra i banken sin overordna strategi for området. Den skal sikre at banken sine operasjonelle risikoar er innanfor rammer og måltal og såleis i tråd med den risikoprofilen styret har fastsett. Banken skal i følgje strategien ha låg operasjonell risiko. Det blir vist til kapittel 3 ovanfor.

Som nemnt i kapittel 3 er styring og kontroll basert på tre forsvarslinjer; 1. linja med fagansvarlege, 2. linja med avdeling for risikostyring og etterleving, og 3. linja med internrevisor. I tillegg vil også eksternrevisor og tilsynsstyresmakter kunne påverke arbeidet med å handtere operasjonell risiko. Det er heile tida eit mål å oppnå felles risikoforståing som grunnlag for ein felles risikokultur.

Alle leiarar av verksemdsområda i 1.linja har ansvar for å ha oversikt over og handtere risikoen innanfor eige ansvarsområde. Dette inneber å ha kunnskap om dei lovene og reglane som regulerer verksemda innanfor eige ansvarsområde, å vurdere dei ulike risikoane ein kan bli utsett for, og å setje inn tiltak for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå. I ansvaret ligg også å sikre at dei ulike tiltaka fungerer i tråd med føremålet. God kjennskap til dei styrande dokumenta i banken (strategiar, retningslinjer og rutinar) er avgjerande for å halde den operasjonelle risikoen låg.

Banken har lagt opp til halvårlege stadfestingar av internkontrollen frå dei ulike verksemdsområda. Avdeling for risikostyring og etterleving koordinerer arbeidet med risikovurderingane og stadfestingane, og rapporterer vidare til konsernleiing og styret gjennom kvartalsvise risikorapportar.

Uønskte operasjonelle hendingar skal registrerast i hendingsdatabasen. Basen er bygt opp i tråd med føringar i kapitalkravsregelverket, og hendingar blir kategorisert ut frå dette. Denne kategoriseringa er også innebygt i malen for risikovurdering. Det er lagt opp til at hendingar skal følgjast opp for å avdekke vesentlege eller systematiske feil og forbetningsområde. Utover dette blir IKT-relaterte hendingar rapporterte til Finanstilsynet, og personvernrelaterte hendingar rapporterte til Datatilsynet. Styret får kvartalsvis rapport frå avdeling for risikostyring og etterleving. I denne blir det gitt ein summarisk opplysning av registrerte hendingar siste kvartal, og hittil i år. Det blir også rapportert på dei operasjonelle krava som er nedfelt i strategien. Dei viktigaste hendingane blir kommentert.

Banken har eit eige register over kundeklager. Gjennom banken si klageordning sikrar ein at klager får ei tilfredsstillande behandling i tråd med banken sine prinsipp for klagehandsaming. Ordninga sikrar også at banken får god oversikt over den operasjonelle risikoen knytt til klagen, og kan analysere desse for å avdekkje om dei skuldast systematiske operasjonelle feil. Det har vore eit lite omfang av klagesaker siste åra, men dei som er, blir rapportert kvartalsvis til styret gjennom risiko- og etterlevingsrapporten. I tillegg blir klagesakene årleg rapporterte til Finanstilsynet.

Dei ulike registreringane og funna gjennom året, utvikling av eksternt regelverk kombinert med ei vurdering av risikobiletet, dannar grunnlag for ein årleg etterlevingsplan for 2. linja. Denne kan bli justert gjennom året om det er grunn til det. Funn gjennom andrelinjekontrollar

blir meldt tilbake til ansvarleg avdeling, og dei mest kritiske funna blir rapportert til styret gjennom den kvartalsvise risiko- og etterlevingsrapporten.

Banken har ein etablert NPAP-prosess for å sikre at innføring av nye produkt, tenester og andre aktivitetar er i samsvar med banken sin styrevedtekne risikorappettitt og innanfor gjeldande regelverk. Risikovurdering med tilhøyrande tiltak og fornya vurdering etter ei bestemt tid, er ein obligatorisk del av NPAP-prosessen.

Internrevisjonen gjennomfører ulike revisjonsprosjekt gjennom året etter ein fastsett plan drøfta med administrasjonen og godkjent av styret. Gjennom revisjonsrapportar og tilsynsrapportar kan banken få råd, oppfordringar og pålegg om ulike tiltak. For å følgje opp desse er det etablert eit opplegg som sikrar at desse blir handterte av ansvarleg instans.

Banken sikrar at alle lovpålagde forsikringar er etablert og vedlikehaldne. Forsikringar er elles nytta som eit konsekvensreducerande tiltak der det er vurdert å vere tenleg.

8.3 Måling av risiko

Banken brukar basismetoden for å setje av kapital til operasjonell risiko. I strategien for styring av den operasjonelle risikoen er det sett eit toleransenivå for operasjonelle tap med utgangspunkt i kapitalavsetninga. Historisk sett har dei operasjonelle tapa vore låge, og godt innanfor kapitalavsetningar for operasjonell risiko. Ved utgangen av 2023 gav basismetoden for operasjonell ei kapitalavsetning på 211 millionar kroner.

9 Compliancerisiko

9.1 Definisjon

Compliancerisiko er risikoen for at banken ikkje fullt ut etterlever lover og reglar, og pådreg seg sanksjonar, økonomiske tap eller tap av omdømme som følgje av dette.

9.2 Styring og kontroll

Organiseringa av internkontrollsystemet med dei tre forsvarslinjene er det viktigaste elementet for å redusere etterlevingsrisiko. I tillegg er det avgjerande med tilstrekkeleg og rett bemanning i alle funksjonar. Kompleksiteten i regelverket som banken må tilpasse seg til, aukar stadig. Dette set krav både til å setje seg inn i regelverket, tilpasse drifta for å tilfredsstille nye krav, og ofte krevst det også nye tekniske løysingar for å kunne oppfylle krava til rapportering. Banken har investert i slike løysingar i form av nytt GRC-system som er under innføring, og gjennom prosjekt og dagleg drift blir det gitt opplæring og rettleiing i korleis regelverket skal praktiserast.

Omfanget av endra reguleringar har vore omfattande dei siste åra, og det er forventa at utviklinga vil halde fram også dei komande åra. For å sikre etterleving av alt aktuelt regelverk, er det viktig med god ansvarsforståing og ansvarsdeling mellom dei ulike forsvarslinjene i banken. Fokuset på etterleving av regelverk er også stort frå styresmaktene si side. I løpet av dei fire siste åra har banken hatt tilsyn frå Finanstilsynet innanfor AHV, kreditt, marknad, likviditet og IKT, i tillegg til fleire dokumentbaserte tilsyn. I slutten av 2023 vart banken orientert om den var valt ut som tilsynsobjekt i Lotteritilsynets tematisyn med etterleving av pålegg om å avvise pengespeltransaksjonar.

10 ESG-risiko

10.1 Definisjon

ESG-risiko, også kalla *berekraftsrisiko*, vert definert som den potensielle risikoen for tap eller negativ påverknad på den finansielle stillinga, omdømet og den operasjonelle verksemda til banken som følgje av eksponeringa for miljømessige, sosiale og styringsmessige faktorar (ESG). Dette omfattar korleis desse faktorane påverkar kundane til banken, samt korleis bankens eigne operasjonar og forretningsmodell kan bidra til eller motverke miljømessige og sosiale endringar, og om banken oppfyller god verksemdsstyring.

For banken inneber ESG-risiko:

Klimarisiko (E)

Risikoar knytt til klimaendringar som kan påverke låntakarar og deira evne til å oppfylle finansielle forpliktingar, samt risiko for direkte tap gjennom eigedelar eller investeringar som er sårbar for klimaendringar, som for eksempel naturkatastrofar og overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Sosial risiko (S)

Risiko som stammar frå endringar i samfunnsnormer og verdiar, som kan føre til endringar i kundeåtfærd, arbeidskraftdynamikk eller samfunnsmessige forventningar til banken si rolle og ansvar, potensielt banken si merkevare og kundelojalitet.

Styringsrisiko (G)

Risikoar knytt til manglande eller utilstrekkeleg styring og kontroll, etisk åtfærd, og etterleving av lover og reglar, som kan føre til juridiske eller regulatoriske sanksjonar og skade på banken sitt rykte og tillit i marknaden.

Ein viktig del av ESG-risiko for banken er å identifisere og styre risiko som kan oppstå frå banken sine eigne investeringar og utlånsportefølje, inkludert korleis desse aktivitetane påverkar og vert påverka av klimaendringar. Klimarisiko er per i dag den mest sentrale risikoen innanfor ESG-risiko. Klimarisiko vert definert innanfor tre områder:

Fysisk risiko	Risiko for at klimaendringar gir endringar i vêrmønster og stigande temperaturar, som fører til auka risiko for ekstremvêr, flaumar, ras og stigande havnivå. Ei slik utvikling kan potensielt føre til skade og redusert verdi på eigedeler, og i neste omgang gi store finansielle tap både for banken og banken sine kundar.
Overgangsrisiko	Risiko knytt til konsekvensane av klimapolitikk og den teknologiske utviklinga ved overgang til eit lågutsleppssamfunn. Overgangsrisiko omhandlar reguleringsrisiko/politisk risiko, teknologisk risiko, marknadsrisiko og omdømerisiko.
Ansvarsrisiko	Risiko for at selskap kan bli haldne ansvarlege for skadar som skuldast klimaendringar. Dette kan gjelde banken, men også banken sine kundar.

10.2 Styring og kontroll

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane sikrar at det årleg vert gjennomført ein omfattande strategiprosess som definerer konsernet sine visjonar, mål og tiltak. Gjeldande hovudstrategi, Strategi og handlingsplan 2024, vart vedteken av styret i desember 2023. Banken sin berekraftsstrategi er også forankra og vedteken i styret, og legg føringar for operativt arbeid med klimarisiko innanfor dei ulike fagområda. Samla gjev styrings- og strategidokumenta ei overordna retning for banken i arbeidet med klimarelatert risiko.

Banken har gjennomført strategiske steg for å sikre at ESG- og klimarisiko er grundig innarbeidd i kredittarbeidet, spesielt på bedriftsmarknaden. Ved å integrere ESG- og klimarisiko i kredittpolitikk, kredittstrategi og kreditthandbok, blir omsynet til ESG sentrale faktorar i kredittvurdering. Ved høg ESG-risiko for kunde, skal det utarbeidast kompensierende tiltak, som til dømes auka rente, tilleggsvilkår knytt til konkrete tiltak og/eller redusert nedbetalingstid. Dette sikrar at avgjerder tatt av banken støttar overgangen til eit lågutsleppssamfunn, samtidig som det sikrar banken mot potensielle risikoar knytt til klimaendringar og andre ESG-relaterte utfordringar.

I tillegg til dei strategiske initiativa på bedriftsmarknaden, har banken også lagt stor vekt på å forbetre arbeidet med klimarisiko mot privatmarknaden. For å styrke dette arbeidet har banken investert i nye løysingar som identifiserer og overvakar fysisk risiko på eigedomar i privatmarknadsporteføljen. Dette legg til rette for ein meir proaktiv, målretta og effektiv risikostyring.

ESG-feltet er i stadig utvikling, med kontinuerlege endringar i lover, reglar og marknadsforventningar. Banken legg stor vekt på å halde seg i forkant av utviklinga, noko som inneber ein vedvarande innsats for å følgje med på og tilpasse seg dei nye krava. Gjennom å systematisk overvake endringar i regelverket og trendar innanfor ESG, sikrar banken at ein etterlev gjeldande lovverk, i tillegg til at ein er godt budd på framtidige endringar. Gjennom dialog og samarbeid med samarbeidspartnarar og andre bankar, og fokus på kontinuerleg intern opplæring og utvikling av kompetanse på berekraft, sikrar banken at tilsette og kundar skal vere godt informerte om korleis ulike aspekt ved berekraft påverkar finansielle avgjerder.

Vi viser til meir info om styring og kontroll av klimarisiko i TCFD-rapport, som er vedlegg til årsrapport for 2023.

10.3 Måling av risiko

Banken har implementert metodar for å måle klimarisiko som spenner frå analyser av energimerker på bustader til utrekningar av CO₂-utslepp per eigedom innan privatmarknaden. Dette gir ein indikasjon på korleis individuelle eigedomar bidrar til eller blir påverka av klimaendringar. Vidare blir eigedomar vurdert for sin eksponering mot fysisk risiko, som havnivåstigning, ras, flaum, og kvikkleireskred, for å forstå kor utsett dei er for direkte klimapåverknadar. På bedriftsmarknaden har banken utvikla ein ESG- og klimarisikomodul som blir nytta i vurderinga av bedriftskundar, både på kunde- og lånesaksnivå. Denne modulen gir ein ESG-score som avdekkar risikonivået frå svært låg til svært høg ESG-risiko, og bidreg til ei meir nyansert forståing av klimarelaterte utfordringar og moglegheiter i bedriftsmarknadsporteføljen.

Vidare anerkjenner banken at klimarisiko også har direkte påverknad på andre tradisjonelle risikoområder, inkludert marknadsrisiko, operasjonell risiko, likviditetsrisiko, og forretningsrisiko. Dette perspektivet er integrert i banken sin TCFD-rapport, som er vedlagt til årsrapporten for 2023.

Banken må rapportere etter CSRD (EUs nye direktiv for berekraftsrapportering). CSRD vil medføre store endringar for korleis selskap rapporterer på berekraft. Det er sett i gang eit internt prosjekt for å sikre at banken er klar for å oppfylle regelverket når krava trer i kraft, 01.01.2026 (rapporteringsår 2025).

11 Andre risikotypar

I tillegg til risikoane som er skildra i kapitla 4 til 10, er også banken utsett for andre risikoar som eigarrisiko, konsentrasjonsrisiko og forretningsrisiko. Vi ser også døme på at risikoar tek nye former som følgje av samfunnsutviklinga, og særleg den teknologiske utviklinga. Cyber-risiko og kvitvaskingsrisiko er døme på slike risikoar.

11.1 Cyberrisiko

11.1.1 Definisjon

Cyberrisiko er risiko for tap som skuldast enten svikt i teknisk infrastruktur eller bruken av teknologi i bedrifta.

11.1.2 Styring og kontroll

Finanstilsynet si årlege ROS-analyse viser at finansføretaka arbeider godt med å styrke forsvarsverket sitt mot cyberkriminalitet. Samhandlinga som næringa har gjennom NFCERT hevar kunnskapen om trussel- og risikobildet, og gjer føretaka betre i stand til å handtere digitale truslar og førebyggje uønskete hendingar. Samtidig er det avdekka sårbarheiter som utgjer ein risiko for alvorlege hendingar i finanssektoren.

Sparebanken Sogn og Fjordane overvakar trusselaktivitet retta mot banken både ved bruk av interne overvakingssystem og eksterne kjelder. Banken innhentar kontinuerleg aktuell trusselinformasjon frå kjelder som NFCERT, NSM, SANS Institute med fleire. Banken rapporterer samtidig, og har dialog om, alvorlege hendingar med NFCERT.

Det har vore sentralt for banken å styrke den interne sikkerheitskulturen. Dette blir gjort breitt i organisasjonen gjennom opplæring. Sparebanken Sogn og Fjordane har ein IKT-strategi som blir revidert årleg, og som er samordna med ein hovudkontinuitetsplan og underliggande kontinuitetsplanar. Desse blir også oppdaterte årleg. Banken arbeider målretta for å halde tritt med utviklinga av det digitale trusselbildet. I tillegg til prosjekt for å handtere cyberrisikoen, har banken etablert eit dedikert «Årshjul digital sikkerhet» som skal spegle dei regelmessige aktivitetane. Årshjul for digital sikkerheit blir følgt opp og oppdatert løpande i takt med utviklinga innan cybersikkerheit.

Banken sin IKT-infrastruktur består av ein systemportefølje, ei rekkje nettverk og store samlingar data av ulik art og klassifisering. Desse tre delane av infrastrukturen er sikra gjennom fleire forsvarsverk som banken jamleg testar. Gjennom årsplanen for internrevisjon har styret dei siste åra sikra at internrevisor har hatt ekstra fokus på IKT-sikkerheit. Dette er blitt ivareteke av spesialistmiljø sentralt hjå internrevisor (PWC). 1.linja har også på eige initiativ engasjert eksterne konsulentar til å gjennomføre penetrasjonstestar utover det som er gjort gjennom internrevisjonsprosjekta. Det vert også køyrt interne phisingtestar mot dei tilsette årleg. Bruken av internrevisor og eksterne konsulentar har vore eit viktig ledd i arbeidet med å forbetre arbeidsprosessar og sikkerheit i banken.

Som ein del av kriseberedskapen gjennomfører ein årlege kriseøvingar med IKT-hendingar som tema. I tillegg vert det køyrt større beredskapsøvingar med tema som treff breiare enn berre innan IKT-området. Banken er i innføringsfasen av eit nytt Information Security Management System - ISMS, som er eit styringssystem for informasjonssikring.

Sparebanken Sogn og Fjordane tek truslane som cyberrisikoen medfører, på største alvor, og arbeider systematisk med å gjere grep og investeringar som reduserer faren for cyberangrep.

11.2 Kvitvaskingsrisiko og risiko for terrorfinansiering

11.2.1 Definisjon

Kvitvasking er handlingar som på ulike måtar sikrar utbyttet frå ulovlege handlingar ved å skjule kvar utbyttet blir av eller kven som rår over det, eller ved å tilsløre opphavet til inntekter eller eigedelar. Risiko for terrorfinansiering er risiko for at banken blir brukt som ledd i å overføre pengar til personar eller grupper som har som føremål å gjennomføre terrorhandlingar.

11.2.2 Styring og kontroll

Banken har per i dag ca. 18 årsverk som arbeider heiltid innanfor AHV-området, og det vil truleg bli oppbemanna ytterlegare gjennom 2024. I tillegg er det gitt omfattande opplæring innanfor fagfeltet til resten av organisasjonen og styret. Fokuset har vore særleg retta mot kunderetta stillingar på kredittområdet, både på privat- og bedriftsmarknadsområdet. I tillegg er fokuset på området stort både i andrelinja og hos internrevisor.

Bankar generelt er gjennom tenestespekteret sitt vurdert å ha høg risiko for kvitvasking og terrorfinansiering. Risikoen kan reduserast gjennom val av produkt, tenester, kundar og kundeaktivitetar, og også gode styrings- og kontrollsystem, rutineverk og opplæringstiltak er avgjerande for å dempe kvitvaskingsrisikoen.

I kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering har finansnæringa ei viktig samfunnsrolle. Sparebanken Sogn og Fjordane tek dette ansvaret på alvor og arbeider for å sikre god etterleving av regelverket. Antikvitvasking- og antiterrorfinansieringsarbeidet har difor ein sentral plass i strategien til banken.

Sparebanken Sogn og Fjordane har i all hovudsak bedriftskundar som høyrer heime i gamle Sogn og Fjordane fylke. I privatmarknaden har banken kundar over heile landet, men med storparten av kundemassen i Vestland fylke. Stort innslag av langsiktige kundeforhold og god produktbreidde er med å sikre god kunnskap om kundane, og legge eit godt grunnlag for å handtere kvitvaskingsrisikoen. Det er avgjerande at heile organisasjonen har god kunnskap om krava i kvitvaskingslova og eit sterkt fokus på etterleving. Ved gjennomføring av kundetiltak skal tilsette ha profesjonell skepsis til informasjon og dokumentasjon frå kundar og vere merksame på indikatorar på kvitvasking og terrorfinansiering.